

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5. VannberingXXXX

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gyland

Emne: Vannbering

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard: Nuland

(adresse): Nuland p.å.

G.nr. 78 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) I 1890 åra var det bare få som hadde fått springvatn. På sume gardar var det djupe brunnar, med ei vippe stong til å heisa opp vassbytta. Andre stader der det var nær bekk, eller vasskjelda var mindre djup, bar ein vatnet inn i hus og utehus, med ok. På bygdemålet heitte det ett ok, eller Oje. Det var laga slik at det fall godt etter akslerne, med opning for halsen.

I begge endar var det jarnlekkjor med krokar i enden til å hukka i bytta. Dei var avpassa so den som bar kunde hjelpa til med henderne å halda i byttona mens han bar. Byttona var det første av tre, etterkvart kom det sinkbytta. Kring 1830, levde det ein mann på garden Eitland i Gyland, han heitte Nils Torjusson, Han var sers hendig av seg, og kunde gjera mangt som andre ikkje kunde. Han fannt på å laga seg springvatn. Det var ei kjellad nær ved huset, som låg litt høgare. Han bora ut røyrleidningar i firestokkar og la vassleidning ned i tunet der han kadde ein trestolpe med vassnøgla til kran.

Der rann so vatnet stadig i ein stor balgje, og derfrå tok han vatn til folk og kretur. Dette tykte folk i Bygda var sers gott påkome. Sidan var det fleire som fekk seg springvætn med trerøyrer til leidning. Det var ein mann som heitte Ånen Fosdal, som også var meir enn vanleg hendig, som hadde ein stor navar og gjekk rundt i bygda og bora trerøyr og la springvatn for folk.

I 1870-80 åra kom dei fyrste Jarnleidningsrøyr til bygda men dei brukte gjerne svært små tykkelser, so det var ikkje lenge fyrr dei stoppa til av russt.

Vannbering. 2.

No er det ganske få som ikkje har antan springvatn eller pumpa. Bare dei som har lite råd og bur nær bekk, ber vatn. Men sume har vatn i fjoset og ikkje i huset. 2) Nokon anna måte å bera på enn med ok, kjenner me ikkje til. I seinare tid, som vinteren 1946-47. då det var so veldig frost, at omtrint alle springvatn fraus, då køyrdde eller drog me vatnet på kjelke eller slede. Ellers kjenner me ikkje til nokon sers måte å skyva det fram.

1880

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING